

Avsaga ski?

Det kunne gå hardt for seg når Fitjagutane Jan Petter, Karsten og eg sjølv trena slalåm, utfor eller hopp på 60-talet og tidleg på 70-talet. Vi hadde fleire stader der vi rende på ski. Når vi trena slalåm eller skulle hoppe tok vi som regel turen ”fram om bakkane”. Som regel sette vi opp vertikalportar kombinert med ei og anna hårnål. Vi brukte oregreiner som portstenger. Første åra hadde vi ski med hardvedkantar. Eg hugsar eg fekk meg eit nytt skipar til jul. Dei var trekvite, men hadde flotte, brune hardvedkantar under. Det var rundt 1964, og vi hadde trakka ei utforløype som gjekk beint ned frå nettinggarden øvst i Martinesteigen og ned på flata.

Ein dag skulle løypa gi ekstra stor fart. Løypa var trakka nokre dagar tidlegare, og i mellomtida hadde det kome litt mildvêr og så frose på igjen. Då vi nokre dagar seinare skulle ”fram om bakkane” og renne oss, var utforløypa mest frosen til is. Det gjekk ikkje lenge før vi kappast om kven av oss som torde å gå lengst opp og sette av stad rett ned. Første turen gjekk eg om lag halvvegs opp i bakken, om lag 25 meter. Det var bratt og overgangen ned mot flata var skarp. Det knaka litt i eine skia då eg gjekk over ende nede i overgangen. Dette var imidlertid moro, aldri tidlegare hadde vi fått slik fart i Martinesteigen. Eg opp att, litt lenger opp, før eg sette utfor. Det gjekk som det måtte gå. Nede i overgangen gjekk eg på nytt over ende. Skituppen det hadde knaka i under det første fallet var no borte. Skia hadde gått tvers av like bak tuppen. Då eg kom heim den dagen trudde far min eg hadde saga av skia.

Dramatisk utfortrening

Meir dramatisk var det den gongen Karsten, Jan Petter og eg skulle trene utfor oppe i Dalen ovanfor Fitjagarden. Det var hardfrosen skare denne dagen vi tok skiene fatt og gjekk oppover langs elva. Vi gjekk oppover på fremste sida av elva, forbi brua og opp mot Jørn-Åragjerdet og opp på Fremstebakkane.

Planen var å renne nedover langs elva og svinge over brua og så renne vidare nedover på andre sida av elva ned mot Årøyna.

Jan Petter var førstemann. Farta vart stor på den harde skaren. Ja, så stor at han stoppa opp for å sjå korleis det gjekk med oss andre, då han hadde kome seg velberga over brua. Eg kom etter, og stansa på same staden for å vente på Karsten, som kom susande nedover vegen. I det han skulle til å svinge over brua, skar eine skia ut og han sigla på magen på tvers over brua, over brukanten og gjekk på hovudet ned i elva. Det siste eg og Jan Petter såg av han var blålakken under skiene hans då dei bikka over brukanten.

Karsten var ein hardhaus og ein luftens akrobat – om lag slik som katten. Då vi skunda oss fram for å berge han frå det iskalde elvevatnet, stod han like heil på eit lite isflak som stakk ut frå land. Han hadde gjort rundkast i lufta og landa på skiene på isflaket.

Vilje og evne

Sjølv om viljen er til stades, er ikkje vilje alltid nok til å sikre suksess i skiløypene. I alle fall ikkje i alpintraseane. Ser ein bort frå eit landsrenn som eg vann då eg var 14 år, var prestasjonane mine i alpint mildt sagt variable. Sjølv om viljen var stor, strakk ikkje evnen alltid like godt til.

Det er kanskje fiaskoane ein hugsar best. Som den gongen eg deltok i eit storslalåmrenn på Strandafjellet. Etter rennet skulle eg vere med skulekorpset og spele på ein konsert på

Stranda. Det var vel kanskje dette som gjorde at eg vart vel forkava då eg skulle ta meg ned mellom storslalåmportane. Eg satsa som vanleg over evne, langt over evne. Då eg dukka opp over hengkanten stod far min nede i målområdet saman med ein annan lagleiar som kommenterte den høge farta mi. Det dei ikkje visste, var at eg alt hadde falle ein gong. Før eg kom meg til mål gjekk eg over ende to gonger til. Eg kom i mål som nummer 18 og desidert sist i klassa. Eg var 13 år den gongen.

Fiasko vart det òg første gongen eg deltok i Fjellseterrennet, som den gongen starta frå toppen av Sætrefjellet. Det vart ein kort konkurranse for min del. Då eg kom ned på hengkanten like utanfor øvste enden av skitrekket, tok eg feil av ein portstolpe og ei snøreke* som stod tredd opp ned i snøen like ved. Først då eg passerte snøreka oppdaga eg at det slett ikkje var nokon port. Den blå porten stod fire meter lenger til venstre.

Fiasko vart det òg under Trollstigrennet sommaren 1974. Skuleåret 1973-1974 hadde eg gått idrettslina på Voss folkehøgskule, der det var eit godt alpintmiljø. Audun Lødemel, far til VM-toar Astrid Lødemel, var læraren min. Eitt av dei likaste minna eg har frå alpinbakkane på Voss den vinteren, har eg frå då eg var portvakt under eit World Cup-renn og diska verdscupleiaren Piero Gros frå Italia i ein av dei siste portane før mål.

Då eg kom heim frå Voss den våren tok pappa meg med til Trygve Lunde sin sportsbutikk i Ålesund og kjøpte meg nye slalåmski. Rossignol-skiene frå 1968 skulle bytast ut med Fisher C4 Competition, som var det argaste som var å oppdrive av konkurranseski på den tida. Skiene kosta 1800 kroner og dei skulle få sin elddåp under Trollstigrennet, som Åndalsnes IL arrangerte sommaren det året.

Eg reiste innover til Trollstigen saman med Helen Longva, som eg var forlova med på den tida. No skulle 18-åringen imponere dama.

Som vanleg satsa eg alt også i dette rennet. Etter fem portar, gjekk det gale. Eg enderøyste og det gjekk kast i kast nedover til begge skiene tredde seg djupt ned i røtsnøen og stoppa ferda mi. Då eg røyste meg opp, hadde begge skiene fått ei umiskjenneleg S-form. Medan Titanic grunnstøytte på eit isfjell langt til havs på sin første tur våren 1912, enda Fisher C4 Competition-skiene dagane sine på sin jomfrutur sommaren 1974. Her slutta òg karrieren min som aktiv konkurransealpinist...

Ole Jostein Fet

*snøreke = snøspade